



Saksframlegg

Forslag til nye vegnamn - framlegg til vedtak

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Fyresdal kommune – ein del vegnamnsaker – tilråding.pdf
- 2 Samla saksprotokoll - Forslag til nye vegnamn - framlegg til høyring

Bakgrunn for saka:

I samband med fullføring av adressering av fritidsbustader i kommunen har det vist seg at det er nokre vegar som manglar vegnamn. Administrasjonen har tatt ein gjennomgang av vegnettet i kommunen i håp om å samle alle vegar som fortsett manglar namn i ei sak.

Kommunestyret vedtok i møte 15.05.2025 og legge forslag til vegnamn ut på høyring. Samstundes vart forslaga sendt til Språkrådet for godkjenning.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Gjennomgåande tema Beredskap

Vegnamn som har vore på høyring følgjer av tabellen under. Kartutsnitt ligg i sak i vedlegg 2.

Område	Vegnamn
Hyttefelt Nordre Momrak, gbnr. 28/6	Knausane
Hyttefelt Våmur Stuvestøyl, gbnr. 26/9, 11 og 15	Fisketjønnevegen og Fritjønnevegen (avstikkar mot nord)
Hyttefelt gbnr. 68/1	Lifossvegen
Hyttefelt gbnr. 66/13	Homskarvegen
Hyttefelt gbnr. 66/4-5	Kleppsvassvegen
Hyttefelt gbnr. 64/2	Steinstolvegen
Hytteveg gbnr. 72/2	Audjordstubben
Hyttefelt gbnr. 72/3	Nordmannsdallen og Rekefjellvegen, stikkveg i midten adressert til Øysævegen
Hyttefelt gbnr. 19/3	Kvisleåni (vegen)
Hyttefelt og kraftverk, gbnr. 25/9	Drangstveitvegen
Hyttefelt gbnr. 25/6 Jørundland	Jørundland eller Spjotvegen

Støylsveg gbnr. 72/1 Nussvik	Nussvikvegen
Støylsveg og hytteveg gbnr. 70/2	Ramsvassvegen og Valevassvegen
Reguleringsplan Nedre Griddale sundodden, gbnr 17/1	Sundodden (Sundoddvegen)
Støylsveg gbnr. 23/1-2, Espelia	Espeli(vegen)

Når det gjeld hyttefelt gbnr. 68/1 med forlag til vegnamn Lifossvegen har Språkrådet gitt denne tilbakemeldinga:

*«Den vegparsellen det er tale om her, ligg attmed øvre delen av ei å som i SSR er registrert med namnet Liåa. (Sjå det innringa området i venstre kanten av det kartutsnittet som er limt inn nedom her.) Den fossen som heiter Lifoss, ligg noko lengre nede i vassdraget. Kommunen bør vurdere å gje vegparsellen namnet **Liåvegen**.»*

For kartutsnitt med som fylgjer forklaringa sjå tilrådinga frå Språkrådet i vedlegg 1.

For vegen i hyttefelt gbnr. 19/3 var det føreslått Kvisleåni(vegen) er tilrådinga frå Språkrådet at namnet for etterlekken -vegen. Vidare seier dei: *I Heradsregisteret er primærnamnet ført opp med ei uttaleform som er utan e-fuge, altså utan e-lyd etter stavinga Kvisl-. Difor bør ein i adressenamnsaka ta utgangspunkt i den SSR-registrerte namneforma som er utan e-fuge, det vil seie forma Kvislåni, (Jamfør med punkt 6 i dei utfyllande reglane.) Me tilrår at adressenamnet blir skrive **Kvislåvegen**.*

For reguleringsplan Nedre Griddalen/Sundodden var føreslått vegnamn Sundodden, her er tilrådinga frå Språkrådet at vegen for namnet **Sundoddvegen**, då ikkje alle hyttene langs vegen ligg på sjølve Sundodden.

Elles er det eit par namn som er godkjent med tillegg av genitivs s. Endringar ligg med feite bokstavar i tabellen under konklusjon.

Konklusjon:

Språkrådet sin tilråding er i all hovudsak i tråd med høyringa. Lifossvegen er tilrådd endra til Liåvegen. Elles er det tre namn med tilråding om etterlekken -vegen og to med tillegg av genitivs s.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Nye vegnamn vedtakast i tråd med tilråding frå Språkrådet, og synt i tabell under.

Område	Vegnamn
Hyttefelt Nordre Momrak, gbnr. 28/6	Knausane
Hyttefelt Våmur Stuvestøyl, gbnr. 26/9, 11 og 15	Fisketjønnvegen og Fritjønnvegen (avstikkar mot nord)
Hyttefelt gbnr. 68/1	Liåvegen
Hyttefelt gbnr. 66/13	Homsskarvegen
Hyttefelt gbnr. 66/4-5	Kleppsvassvegen
Hyttefelt gbnr. 64/2	Steinstolvegen
Hytteveg gbnr. 72/2	Audjordsstubben
Hyttefelt gbnr. 72/3	Nordmannsdalen og Rekefjellvegen, stikkveg i midten adressert til Øysævegen
Hyttefelt gbnr. 19/3	Kvislåvegen
Hyttefelt og kraftverk, gbnr. 25/9	Drangstveitvegen
Hyttefelt gbnr. 25/6 Jørundland	Jørundland
Støylsveg gbnr. 72/1 Nussvik	Nussvikvegen
Støylsveg og hytteveg gbnr. 70/2	Ramsvassvegen og Valevassvegen
Reguleringsplan Nedre Griddale sundodden, gbnr 17/1	Sundoddvegen
Støylsveg gbnr. 23/1-2, Espelia	Espelivegen

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen
	avdelingsingeniør